

Denne hagen kan vera med på å nå fylgjande målsetjingar i bygda:

- Utvikle Seljord vidare som miljø-kommune
- Bli ein grøn føregangskommune
- Skapa eit levande sentrum
- Legge større vekt på trivselsfremjande tiltak som «grøne lunger»
- Satse på folkehelsefremjande tiltak
- Integreere flyktingar
- Ha levande, trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Ta vare på matjord
- Produsere meir mat
- Minske kasting av mat
- Styrke primærnæringsane



Foreninga skal legge til rette for at det i hagen blir:

- Arbeidd med fokus på miljø, mat og helse gjennom hagearbeid.
- Arbeidd med kunnskapsformidling om økologisk hagebruk i praksis.
- Synleggjort at ein stor del av maten vår kjem frå jorda og at den kan dyrkas kortreist.
- Dyrka eit mangfald av gode råvarer som kan inspirere til eit allsidig og sunt kosthald
- Lagt til rette for opplæring i å bruke råvarene til sunne og gode matrettar.
- Skapt ein attraksjon der bygdefolk og tilreisande kan finne inspirasjon og ro gjennom gode sanseroplevingar.
- Skapt ein møteplass for bygdas innbyggjarar rundt bål og bord.
- Ein arena der ulike grupper mennesker kan få styrke si fysiske og psykiske helse gjennom

Seljord Hage



Eit pusterom i ein travel kvardag

Seljord Økologiske Hage (SØH) er ei ideell forening. Den skal etablere og drifte ein økologisk hage i Seljord sentrum, som vil vera open for alle. Foreninga vil gjennom sitt arbeid legge vekt på å vise samanhangen mellom miljø, mat og helse.

I hagen kan ein lære om kretsløpet i naturen og berekraftig dyrking. Foreninga vil vise samanhangen mellom dyrking av ulike nyttevekster og maten me har på bordet.

Me vil etablere ein hage i Seljord som kan vera ein møteplass for bygdas innbyggjarar og gjester. Den skal bestå av ein skulehage, ein prydhage, ein demonstrasjonshage og ein parsellhage. Denne hagen skal vera til inspirasjon og glede. Den skal bogne av grønsaker, urter og blomar. Hagen skal vise kreative, berekraftige og estetiske løysingar, og vera eit pusterom i livet til dei som går inn i hagen. Dette skal vera ein arena for møte mellom ulike generasjonar og kulturar, der kunnskap kan utvekslast, gode samtalar oppstå og nye vennskap knyttas.



Hagearbeid kan brukas som eit verktoy for integrering, terapi og læring for mange ulike grupper menneske
Det kan denne hagen vera ein arena for.

SELJORD ØKOLOGISKE HAGE

Selskapsform: Forening
Org. nr.: 818 549 482

Styrets leiar : Hans Andreas Flaaten tlf. 413 79 903
hansflaaten@gmail.com

Kasserar Ingunn Ralle
Styremedlem Kenneth Bøe
Styremedlem Anne Gro Lønnestad

Innmelding til: seljordhage@gmail.com
eller til tlf. 69273359/41379903

Medlemskap Kr 400,-
innbetalt til konto 2630.33.55552
Dette medlemskapet gjeld også for 2018.

Alle parsell-leigerar må vera medlem av foreninga.

Leige av parsell kostar Kr.1200,- pr. år (ca.25kvm.)

Eit medlemskap i foreninga vil innebera at du støttar opp om og realiserar ein felleshage/møteplass i Seljord sentrum. Ditt bidrag vil bety mykje for alle som bur i Seljord. Hagen vil gjennom skulehagearbeidet koma den oppveksande generasjonen til gode, og sikre at dyrkings-kunnskap og mat-kunnskap blir vidareført til neste generasjon.

Er det noko du vil bidra med til felleshagen?

Har du nokre spesialkunnskapar når det gjeld bygging, gravning, eller stein-legging? Har du nokre materiale, staur eller hageraiskap du ikkje treng?

Kontakt dagleg leiar Anne Gro Lønnestad
annegrolonnestad@gmail.com

tlf 69273359/413 79 903

